



NOREGS HØGSTERETT

Den 8. januar 2014 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane Utgård, Bårdsen og Kallerud i

HR-2014-00018-U, (sak nr. 2013/2276), sivil sak, anke over orskurd:

A (advokat Jeppe Normann)

mot

Collings Entertainment AS dets konkursbo (advokat Stephan Didrich Eid)

sagt slik

O R S K U R D :

- (1) Saka gjeld krav om omstøyting i konkurs.
- (2) Oslo byfutembete gav 11. september 2013 orskurd der eit krav frå konkursbuet i Collings Entertainment AS mot A vart teke til følgje. Buet vart tilkjent sakskostnader. A anka orskurden til Borgarting lagmannsrett og kravde munnleg ankeforhandling. Ved brev 1. november 2013 frå lagmannsretten fekk A frist til 13. november 2013 med å kome med eventuelle merknader til anketilsvaret og med nærare grunngiving av kravet om munnlege forhandlingar. Merknader og grunngiving vart gitt i prosesskriv datert 12. november 2013 som kom inn til lagmannsretten 14. november 2013.
- (3) I orskurd 13. november 2013 forkasta lagmannsretten anken og tilkjende buet sakskostnader for lagmannsretten. I brev 14. november 2013 frå lagmannsretten til partane er det opplyst at lagmannsretten ved ein feil hadde lagt til grunn at fristen for den ankande parten for merknader var 7. november 2013, og at det innsende prosesskrivet var rettidig.
- (4) A har anka til Høgsterett med påstand om at orskurden frå lagmannsretten blir oppheva. Buet har gitt tilsvaret med påstand om at anken blir forkasta.
- (5) *Høgsteretts ankeutval* viser til at anken gjeld avgjerd teken av lagmannsretten som første instans, og at utvalet då har full kompetanse.
- (6) Lagmannsretten gjorde ein saksbehandlingsfeil ved å avgjere saka utan å vente på rettidig

prosesskriv. Det ligg såleis føre eit brot på retten til kontradiksjon. Som påpeika i fleire avgjerder, jf. som døme Rt. 2013 side 438 avsnitt 15 med vidare tilvisingar, skal det lite til før ein slik feil må reknast å kunne hatt verknad på resultatet.

- (7) I prosesskrivet 12. november 2013 gjekk As prosessfullmektig utførleg inn på fleire spørsmål, dels knytt opp til ein vedlagd rapport frå bustyrar til byfutembetet i konkurssaka. Om denne argumentasjonen og bevisførselen ville ha vore tilstrekkeleg til at kravet kunne føre fram, treng utvalet ikkje ta stilling til. Det kan nemleg ikkje under noko omstende sjåast bort frå at feilen kan ha hatt innverknad på resultatet.
- (8) Lagmannsrettens orskurd må etter dette opphevast. Ingen av partane har sett fram krav om sakskostnader for Høgsterett.
- (9) Orskurden er samrøystes.

S L U T N I N G:

Lagmannsrettens orskurd blir oppheva.

Arnfinn Bårdsen
(sign.)

Karl Arne Utgård
(sign.)

Knut H. Kallerud
(sign.)

Riktig utskrift: